



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/54 - 19/11062

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.04.2019

## Oversending av vedtak om dispensasjon og vedtak om arealoverføring til klagevurdering - gbnr 209/7 Høyland

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 15 mål landbruksareal. Arealet som skal arealoverførast er til uendra bruk og skal nyttast vidare til landbruksføremål. Parsellen ligg ned mot vatnet og det er søkt om dispensasjon i frå føresegn 5.5 i kommuneplanen sin arealdel vedkomande byggje- og deleforbod innafor 50 meter til vassdrag.

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 27.03.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegn 5.5 i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring av om lag 15,5 mål frå gbnr. 209/7 til 209/8. Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav m vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 15,5 mål frå gbnr.209/7 til gbnr 209/8 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 08.01.2019, jf. pbl. § 29-4. Arealet sin nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

### Bortfall av løyve:

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.»

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal



grunngevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Ingrid Bjørge Pedersen på e-post [ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no](mailto:ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no) eller på telefon 56375878.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til arealoverføring - gbnr 209/7 Høyland  
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 209/7 Høyland  
Søknad om arealoverføring - gbnr 209/7 Høyland  
Opplysninger gitt i nabovarsel  
Nabovarsel med kart  
Kvittering for nabovarsel med kart

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER